



Jannicke og Olav Baug
Kyrhovden 26
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1042 - 18/7925

Saksbehandlar:
Ingrid Didriksen
ingrid.didriksen@radoy.kommune.no

Dato:
22.05.2018

Gbnr 45/1/54 Manger - Manger barneskule - paviljong/modul - søknadar - svar på klage - nabovarsel

Svar på klage mottatt 15. mai 2018.

Stien som går gjennom området vil verte omlagt og det vil framleis vere mogleg å gå gjennom området. Stien vil verte oppretthaldt gjennom heile den midlertidige perioden paviljongen vil stå.

Når det gjeld kommentar om at tiltaket allereie er starta er dette ikkje tilfellet. Det som har vore gjort er ein vegetasjons rydding. Dette er gjort som eit sikringsarbeid. Det er ingen verneverdige tre som er fjerna i dette arbeidet. Grunnarbeid og plassering av paviljong vil ikkje starte før byggeløyve er gitt.

Tiltaket krev ikkje sprenging. Tiltaket krev derimot masseforflytning. Dette vil sei at eit område på 15 x 25 meter vil verte avrette med sprengstein og komprimert. Terrenget vil tilbakeførast når paviljongen er fjerna. Det er planlagt å kople til vatn og avløp i kum på skuleplassen.

Tiltaket med etablering av paviljong er eit midlertidig tiltak som skal stå i 2 år. Planlegging av permanent løysing med tilbygg til Manger skule vil starte parallelt. Dette eit midlertidig tiltak som er meint å løyse eit akutt behov på skulen frå hausten av.

Tilkomsten frå skulen vil vere god i alle retningar / nabo områder som de skriv. utfordringa ligg i at det ikkje er plass til tiltaket i direkte nærleik til skulen andre stadar.

Når det gjeld trafiksituasjonen, skal denne ikkje brukast som tilkomst til skulen og kommunen vil vere behjelpeleg med skilting av vegen.

Om de framleis har spørsmål/kommentarar til tiltaket kan de ta kontakt på 56 34 90 57/ 56 34 90 51.

Med helsing

Ingrid Didriksen
Prosjektleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Einar Færø

Mottakarar:

Jannicke og Olav Baug

Kyrhovden 26

5936

MANGER